

Arkiv	Saksbehandlar	Møtedato	Sak nr.
335.3	Knut Øyjordet	02.06.23	19/23

## SØKNAD OM BEITING MED BOERGEIT VED GJENDESHEIM – AUDUN HEIER

### *Saksdokument:*

1. Søknad frå Audun Heier av 17.02.23 (er kopiert opp).
2. E-post frå Statskog av 23.02.23 til fjellstyret.
3. Brev frå fjellstyret av 21.03.23 til Statskog, kommunen og Besstrondfjellet beitelag.
4. E-post frå Besstrondfjellet beitelag av 23.03.23 til fjellstyret.

### *Saksutgreiing:*

Audun Heier søkjer om å kunne beite med boergeit i området ovanfor Gjendesheim og Gjendeosen, samt på nordsida av stigen langs Gjende mot Hamnsand. Dette er tenkt som eit samarbeidsprosjekt med DNT Gjendesheim, med fokus på beitedyr i utmark, lokal mat, problem med attgroing og biologisk mangfald. Det er også planlagt å utvikle eit formidlingsopplegg både for turistar og i undervisning. Ovanfor Gjendesheim er det søkt om å nytte to område for åtte geiter utan killing, og langs Gjende ti geiter med killing. Dyra vil bli «styrt» med bruk av Nofence. I tillegg blir det søkt om å få setje opp eit mindre skjul som beskyttar dyra mot regn og vind. Plassering av skjul er ikkje sett på ennå, men vil bli gjort i dialog med grunneigar. Det blir også søkt om å få setje opp informasjonsskilt.

Statskog skriv i ein e-post til fjellstyret at ein ser på søknaden som to-delt, der søknaden om sjølve beitinga blir behandla av fjellstyret etter § 5 i seterforskrifta, og at oppføring av skjul til geitene og informasjonsskilt blir behandla som grunndisponering etter § 12 i fjellova. Søknaden er sendt til Besstrondfjellet beitelag, kommunen og Statskog for eventuelle merknader. Det har kome uttale frå beitelaget, som stiller seg positive til søknaden.

### *Vurdering:*

Prosjektet er spennande og skulle vera lite konfliktsfullt. Dersom planane blir realisert skal det bli interessant å sjå korleis dette vil gå i eit såpass trafikkert turområde, og ikkje minst resultatet av beitinga i forhold til attgroing og biologisk mangfald.

### **Innstilling til vedtak:**

Fjellstyret viser til søknad frå Audun Heier om å nytte område ovanfor Gjendesheim og langs med Gjende til beiting med boergeit. Fjellstyret tykkjer planane og konseptet verkar interessant. I medhald av § 5 i seterforskrifta får difor Heier løyve til å sleppe boergeit i dei aktuelle områda, og med talet på dyr som omsøkt. Løyvet gjeld så lenge dette prosjektet varer, men fjellstyret tek atterhald om å trekkje løyve tilbake dersom det skulle oppstå konfliktar med beiting av boergeit her.

Fjellstyret har ingen merknader til at Statskog gjev løyve til oppføring av skjul for geitene og oppsetting av informasjonsskilt. Skjul bør plasserast minst mogleg synleg, slik at det ikkje blir skjemmaende i terrenget.

---

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	90966277	2085.25.13625	vaga@fjellstyrene.no

**Vedtak:**

Første avsnitt i innstillinga vart samrøystes vedteke.

Andre avsnitt i innstillinga vart vedteke med 4 mot 1 stemme, men med dette tillegget:

Det bør settast vilkår om at skjul blir teke ned etter beitesesongen.

Hans Petter Vaberg røysta for følgjande forslag til vedtak i andre avsnitt:

Fjellstyret har ingen merknader til at Statskog gjev løyve til oppsetting av informasjonsskilt, men er skeptisk til at det blir gjevne løyve om oppføring av skjul for geitene.

Endeleg vedtak vart difor slik:

Fjellstyret viser til søknad frå Audun Heier om å nytte område ovanfor Gjendesheim og langs med Gjende til beiting med boergeit. Fjellstyret tykkjer planane og konseptet verkar interessant. I medhald av § 5 i seterforskrifta får difor Heier løyve til å sleppe boergeit i dei aktuelle områda, og med talet på dyr som omsøkt. Løyvet gjeld så lenge dette prosjektet varer, men fjellstyret tek atterhald om å trekkje løyve tilbake dersom det skulle oppstå konflikstar med beiting av boergeit her.

Fjellstyret har ingen merknader til at Statskog gjev løyve til oppføring av skjul for geitene og oppsetting av informasjonsskilt. Skjul bør plasserast minst mogleg synleg, slik at det ikkje blir skjemma i terrenget. Det bør settast vilkår om at skjul blir teke ned etter beitesesongen.

*Rett utskrift. Går til:*

Audun Heier

Statskog SF

Besstrondfjellet beitelag v/Kjell Magne Storvik

*Kopi til:*

Vågå kommune, landbrukskontoret

Nasjonalparkstyret v/Kari Sveen

Vågåmo, 02.06.23

Knut Øyjordet (e.f)